
Fra: Runar Fjeldstad <runar_fjeldstad@live.no>
Sendt: tirsdag 4. desember 2018 10:40
Til: Marianne Aadland Sandvik
Emne: Sv: Vedr. søknad på gbnr. 9/215
Vedlegg: Merkand til mottatt mail.pdf; D-4.pdf; D-5.pdf; D-6.pdf; E-6.pdf

Hei.

Viser til mail under, legger ved svar til denne samt nokre nye/reviderte vedlegg til søknad om løyve til tiltak (D-4 til D-6 og E-6).

Mvh

Runar Fjeldstad
Dagleg leiar
Fjeldstad & Sandvik TømrerTeam AS

Mobil: 41 75 82 14

E-post: runar_fjeldstad@live.no

Fra: Marianne Aadland Sandvik <marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no>
Sendt: torsdag 22. november 2018 15.30
Til: runar_fjeldstad@live.no
Kopi: arne@melandbyggevare.no
Emne: Vedr. søknad på gbnr. 9/215

Hei

Viser til søknad om løyve til oppføring av einebustad på gbnr. 9/215

I vedlagte vedtak om løyve til deling av eigedommen vart det gitt dispensasjon til etablering av tilkomstveg i friluftsområde på om lag 17 meter. Sjå vedlagte kart. I søknad om løyve er det vist ein tilkomstveg gjennom friområdet på om lag 43 meter. Det er dermed ikkje gitt dispensasjon som omsøkt. Vidare ligg det ikkje med teikningar som viser korleis vegen skal opparbeidast. Vi viser i den samanheng til følgjande vilkår for dispensasjonen:

- Ved prosjektering av vegen må det takast omsyn til eksisterande bekk.
- Vegen må prosjekterast mest mogleg skånsamt i høve eksisterande vegetasjon, og område vegen må i størst mogleg grad oppretthaldast i sin naturlege tilstand.
- Vegen må prosjekterast slik at kurvatur og plassering sikrar ei trafikksikker løysing for den parsellen og gbnr. 9/36.

Det må også dokumenterast korleis oppføring av bygningen vil påverke utsiktstilhøva for gbnr. 9/32.

Vi kan heller ikkje sjå at den omsøkte bustaden er tilpassa terrenget. Vi ber om at de vurderer forholdet og estetikken på bustaden.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak
Meland kommune
e-post: marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no

